



Brannstasjonen i Uskedalen er ein av fire stasjonar i Kvinnerad som kan bli nedlagd.

**I det siste kommunestyremøte orienterte brannsjefen om framtida for Brann- og redningstenesta i kommunen. Strengt utdannings- og kompetansekrav gjer at det er vanskeleg å få tak i brannkonstablar. Arbeidstilsynet sine krav til ventilasjon og garderober på brannstasjonen vil medføre store kostnader med oppgradering. Alt dette er ein medverkande årsak til at brannsjef Atle Josdal opnar opp får å leggja ned fire brannstasjonar. Uskedalen er ein av dei fire.**

Brannstasjonen i Uskedalen har ved mange høve vore omtalt for å vera i faresona. Til no har argumenta helst vore av økonomiske- og budsjettmessige grunnar. No handlar det like mykje om det faglege og overgang til utdanna personale. Ved å leggja ned brannstasjonane Halsnøy, Fjelberg, Åkra og Uskedalen kan ein spare bemanninga frå 80 til 56 deltidstilsette konstablar. Bilparken vert redusert frå 15 til 12 brannbilar.

Det vert i orienteringa sagt lite om responstid og beredskap, men det er eit krav at ein må halda seg innfor desse krava. Frå kommunestyrepreressantane kom det straks spørsmål om brannstasjonen på Halsnøy, Fjelberg og i Åkra. Alle bad for si sjuke mor, men ingen nemnde Uskedalen. Kvifor ikkje, spør du. Uskedalen har ingen folkevalde i sentrale politiske posisjonar. Ingen spør. Ingen seier eit ord.

Saka om brannstasjonane og bemanninga er ein gjengangar og vert truleg på nytt ei sak i budsjettdebatten seinare i haust.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal